

## Dialogmøte om Samhandlingsreformen



\* Landsstyrelseier Anne-Grethe Terjesen kjem og held innlegg om kva konsekvensar Samhandlingsreformen gjev for medlemmane i LPP og dei som dei er pårørande.

Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse (LPP) sitt lokallag, LPP Søre Sunnmøre, inviterer til dialogmøte om Samhandlingsreformen med politikarar frå kommunane, tilsette i psykiatrien samt tilsette i Volda DPS.

LPP Søre Sunnmøre tel i dag 19 medlemmer og ønskjer å setje Samhandlingsreformen på dagsorden.

Landsstyrelseier Anne-Grethe Terjesen kjem og held innlegg om kva konsekvensar Samhandlingsreformen gjev for medlemmane i LPP og dei som dei er pårørande til.

- I dag står pårørende for ca. 50 % av omsorga til personar med psykiske lidingar, og med innføring av Samhandlingsreformen er dette venta auka til 70 %. LPP og liknande organisasjonar har ikkje fått meir tilskot med åra, og lite er gjort for å hjelpe dei pårørende, seier Terjesen.

Doktoravhandlinga til Bente M. Weimand viser at pårørende har ei dårlegare helse enn folk generelt, og pårørende får lite eller inga hjelp. - Terjesen peikar på at det er viktig med god dialog med kommunepolitikarane. - Politikarane meiner at tilbodet i kommunane skal bli betre med innføringa av Samhandlingsreformen og dette ønskjer vi debatt om. Det er viktig at vi no finn gode løysingar for dei som har ei psykisk liding og deira pårørende, og då tenkjer eg spesielt på helsa til dei pårørende.

- Vi vonar at så mange som mogleg ønskjer å delta på dette møtet, seier Terjesen, og avsluttar med at god dialog mellom alle partar er svært viktig.

**Tid:** Tysdag 18. februar 2014

**Stad:** Kommunestyresalen i Ørsta

# Nytta mildvêret til riding

Volda Rideklubb inviterte til barneriding i helga. Det vart sett pris på.

Volda Rideklubb innleia rideseussen med ein frittståande barnedag. Med ein snøfattig vinter nyttar klubben sjansen til å halde oppe hesteinteressa. Eit tjuetal ungar i alderen fire til 14 vitja ridebana i Vassbotnen søndag.

### Fekk trave for første gong

Tre ti år gamle veninner frå Ørsta var blant dei som nytta sjansen til å ri. Oda Elise, Jenfrid og Taroline fekk tre turar før lommepengane var borte. I løpet av turane fekk fyrstnemnte trave for første gong.

- Kva er det som er så kjekt med å ri?

- Det å kjenne at det humpar. Det er koseleg å ri og lære meir om hesten, korleis starte, bremse og stoppe.

- Er ikkje du redd for å dette av, då?

- Nei,hestane er snille. Det humpar meir når ein travar, men det er mest gøy, seier Oda Elise.

### Krøkast tidleg

Guro Tiller var kanskje den yngste som sökte hesteryggen. Fireåringen rei ein ponni for to veker sidan. Når rideklubben inviterte til barneriding var det klart ho måtte prøve ein større hest.

- Eg likte den brune og den svarte like godt.

- Og du greier å ri utan å dette av?

- Eg held jo i salen. Og så har eg hjelm.

Med det burde det vere tydeleg at rekrutteringa fungerer. Volda Rideklubb arrangerer eit liknande opplegg i mars, før eit trevekers ridekurs er planlagt i april og mai.

✉ JAN ÅGE SUNDNES

\* Oda Elise Åkre Grimstad (10) skulle gjerne hatt sin eigen hest. Ørstingen fekk trave for første gong i helga. Her sit ho på oldenburgeren Thoke.



\* Ørstingar med rideinteresse: F.v. Jenfrid Vikenes, Taroline Øverbø og Oda Elise Åkre Grimstad, alle ti år.




\* Fire år gamle Guro Tiller storkosa seg på hesteryggen til Botnar.

## Dagens FOTO



\* Rotevatnet: Forsøk på å koke kaffe på metangass tappa gjennom isen. Foto: Rune Pettersen.



\* Rotevatnet: Sangsvaner på isen. I bakgrunnen reiser Møre-hallen seg. Foto: Rune Pettersen.